

Oberstløytnant Sverre Bae på møte i Ørsta Rotaryklubb:

– Hærens spesialstyrkar er i verdsklasse

95 % av Hæren sin styrke har blitt slanka bort siste 20 åra. Har vi likevel eit norsk forsvar vi kan stole på? Ja, hevda oberstløytnant Sverre Bae overfor Rotary. Den norske soldaten er opplært til å tenkje sjølv, og ikkje berre «ta ordre».

Oberstløytnant Sverre Bae er tydeleg fornøgd med å kunne bu i Ørsta, og med hjelp frå Widerøe er det ikkje noko problem å vere vekependlar til arbeidsplassen i Nord-Noreg. Oberstløytnanten viser såleis for eigen del at det er gjennomførbart å flytte Hæren ut av Oslo, slik som Regjeringa har ønskt det gjennom Soria Moria-erklæringa.

95 % nedbemanning på 20 år

Under den kalde krigen, seinast i 1989, var det 165.000 personar i den norske hæren. No er det 9.000 personar att, likt fordelt mellom vernepliktige og fast tilsette. Det er såleis dramatiske endringar Hæren har vore gjennom, og medlemmene i Rotary stilte spørsmål om vi har eit tilfredsstillande forsvar av

Noreg i dag. Oberstløytnant Bae hevdar at dette i stor grad er eit politisk spørsmål, men personleg meiner han det ikkje er rett å drage parallellar til tilsvarande nedbemanning på 1930-talet.

Forsvaret i Noreg er godt, og dei norske vernepliktige er ein fantastisk ressurs for landet, peikte Bae på. Og den norske soldaten er både vant til å tenkje sjølv og ta i eit tak. Den norske styrken skil seg såleis ut frå ein del andre, som er meir vant til å «ta ordre».

I verdsklasse

Rotarymedlemmene stilte spørsmål om USA er misfornøgd med den norske innsatsen i NATO, bla i Afghanistan. Sverre Bae seier at bildet er noko meir samansett enn det som kjem fram i media. Det er eit faktum at USA ber dei andre NATO-landa om auka innsats. Men den norske innsatsen er, sett i forhold til folketalet, ikkje ubetydeleg. Dessutan, hevda oberstløytnanten, dei norske spesialstyrkane er i verdsklasse, kanskje berre forbigått av dei amerikanske.

Kan bli beordra

Noreg har hatt fleire internasjonale oppdrag, ikkje berre i Afghanistan. Formelt sett kan alle tilsette etter



2002 bli beordra til internasjonal teneste. Hittil har dette ikkje vore behov for. Så lenge talet på frivillige overstig behovet unngår ein den uheldige situasjonen med å sende av garde personar som ikkje er motiverte for oppdraget.

Trusselbiletet er endra

Saman med endringane i Hæren, så har oppgåvene til Hæren endra seg. Det er no nye typar utfordringar, og hurtige styrkar som er til stades på

rett tid er avgjerande. Trusselbiletet er også stadig under endring, og dei store verdiane Noreg har i Nordsjøen er no noko av det viktigaste Hæren har å verne.

Faktaboks: Dette er Rotary

- Rotary er ein internasjonal organisasjon med 1,2 millionar medlemmer i 166 land
- Medlemmene representerer eit tverrsnitt av yrkeslivet i lokalsamfunnet

På møtet i Ørsta Rotaryklubb hevda oberstløytnant Sverre Bae at trusselbiletet i Noreg er endra, og peikte spesielt på dei store verdiane oljeplattformene i Nordsjøen representerer. President Thor Arne Sørheim til venstre.

- Formålet er å utveksle kunnskap på tvers av dei ulike yrkesgruppene
- Ørsta Rotaryklubb har i dag 38 medlemmer